

NORSK DERMATOLOGISK SELSKAP

Mai 2011



Norsk dermatologisk
selskap

DEN NORSKE LEGEFORENING

Årsmelding for Norsk dermatologisk selskap 2010–2011

Per 4. januar 2011 hadde Norsk dermatologisk selskap (NDS) 239 registrerte medlemmer, av dei var 160 godkjende spesialistar, 41 i utdanningsstillingar (LIS), 29 pensjonistar og ni assosierte medlemmer.

Vi vil endå ein gong nytte høvet til å seie oss leie for at nye medlemmer ikkje får noko velkomsthelsing frå styret. Innmeldingane blir berre registrerte hjå Legeforeningen utan at styret i NDS får melding om det.

Nye medlemmer i perioden: *Katharina Brekke, Martin Dörler, Usha Hartgill, Ellen Cathrine Oftedal Jakobsen, Lars Prestegarden, Michael Mehrdad Zangani.*

Ingen registrerte medlemmer i NDS har gått bort i perioden. Vi vil minnst to som tidlegare har vore sentrale innan norsk dermatologi, og som har gått bort sidan førre generalforsamling: *Berit Langeland* og *Hans Kristian Krogh*. Vi lyser fred over deira minne.

Styret 2009–2011

Leiar	Turid Thune
Nestleiar	Kristin Ryggen
Sekretær	Guttorm Guleng
Kasserar	Dag Aandahl
Styremedlem	Harald Moi
1. vararepresentant	Petter Gjersvik
2. vararepresentant	Xiaotong Li

Styret har kontinuert avtalen med rekneskapsfører Gro Kofstad i Cerebellum AS og avtalen med revisjonsfirmaet PKF Revisjon AS. Honorarsatsane til styret har ikkje vorte endra i styreperioden.

Styret sine strategiske mål for 2009–2011 var:

- 1) Føre vidare satsinga på forskning
- 2) Nettverksbygging
- 3) Arbeide for register for biologisk behandling
- 4) Fokusere på komorbiditet og livsstil
- 5) Samhandlingsreforma
- 6) Styrking av allergologien

Møteaktivitet

Styremøte

18.06.2010, 10.09.2010, 25.11.2010, 14.01.2011, 08.03.2011 og 30.03.2011. Dei fire første møta vart haldne i Legenes Hus

i Oslo. 8. mars 2011 hadde styret telefonmøte på Skype. Møtet 30. mars blir arrangert i samband med årsmøtet i Trondheim. På møtet 18. juni deltok Ole Rødland, Paul Otto Johnsen og Joar Austad frå takstutvala for PSL og offentlege poliklinikkar. Til møtet 25. november var deltok begge vararepresentantane. Nettredaktør Flora Balieva er kalla inn til styremøtet 30. mars.

4. oktober 2010, i samband med haustmøtet, hadde styret møte med Spesialitetskomiteen. Sakene som vart tekne opp til drøfting var: Er dei obligatoriske kursa gode nok? Er det behov for andre kurs? Gjennomgang av målbeskrivelsen. Spesialisteksamen? Etterutdanning/resertifisering. Forslaget om spesialisteksamen er lagt på is. Det var semje om å arbeide for nytt regelverk der resertifisering blir obligatorisk. Styret har vedteke å ha årlege møte med Spesialitetskomiteen, gjerne i samband med haustmøtet.

Haustmøtet 4.-5. november 2010

Haustmøtet vart arrangert på Ullevål Business Class med overnatting på Thon Hotel, Ullevål Stadion. Kongressbyrået Congress Conference AS fekk fornya tillit som kursarrangør. Det var 61 påmelde deltakarar. 18 firma deltok som sponsorar. Styret hadde ansvar for det praktiske arrangementet i samarbeid med kongressbyrået. Kurskomiteen hadde ansvar for det faglege programmet. Deltakarane betalte kr 1500 i eigendel. Dette dekkja kursavgift, opphald, reise og alle måltid inkludert festmiddag. Møtet gjekk i økonomisk balanse. Sjå informasjon lenger ute i årsmeldinga.

Møte med avdelingsleiarane

Legenes Hus, Oslo 26. november 2010. Tema for møtet var prioritering. Dagfinn Moseng hadde laga ei god og dels provoserande innleiing som fekk temperaturen opp, og diskusjonen vart ganske livleg. Konklusjonen vart likevel at prioriteringsforskrifta stort sett blir fylgd og tolka ganske likt på dei ulike hudavdelingane.

Forskningsseminar

Gardermoen 13. januar 2011. Møtet vert arrangert av forskingsutvalet i samarbeid med styret i NDS. Seminaret blir fullt ut dekkja økonomisk av NDS. Styret har tidlegare kunne søkje Legeforeningen om ekstramidlar til å arrangere seminaret, dette er det ikkje lenger høve til. Styret må difor setje av ekstra midlar til forskingsmøtet på budsjettet. Sjå elles eigen rapport frå forskingsutvalet.

Møte med pasientorganisasjonane

Legenes hus, Oslo, 14. januar 2011. På møtet møtte representantar for HAE Norge, Norges Astma- og Allergiforbund og Psoriasisforbundet. Representanten frå DEBRA Norge måtte melde sjukdomsforfall.

Andre møte der NDS har vore representerte

18.09.2010: 125-årsjubileum for den italienske dermatologiske foreininga (SIDEMAST) i Firenze.

04.11.2010: Fagkonferanse for dei fagmedisinske foreiningane på Gardermoen. Diverse møte i LIS-gruppen der sekretær og leiar har møtt som representantar for NDS.

Høyringar o.a.

NDS har fått tilsendt ei rekkje høyringar frå Den norske legeforening. Alle er vurderte, og dei som er funne relevante for NDS, er det sendt høyringssvar på.

Arbeid retta mot eksterne kontaktar

Kreftforeningen kjem med ei rekkje førespurnader i løpet av året. Mange av sakene blir delegerte vidare til våre spesialistar på melanom, for det meste Ingeborg Bachmann og Per Helsing. På det årlege fagseminaret til Kreftforeningen i november møtte i 2010 Rita Grude Ladstein som utsending frå NDS.

NDS får også spørsmål om å finne deltakarar til diverse arbeidsgrupper og utval. Dette siste året har vi utnemnd fagpersoner til arbeidsgruppe for nasjonal retningslinje for antibiotikabruk i sjukehus. Kristin Bergersen og Anne Olsen har sagt seg viljuge til å delta på vegne av NDS.

Legeforeningen har vedteke å opprette allergi som kompetanseområde. Det er oppretta eit arbeidsutval som skal utarbeide retningslinjer for oppretting av allergologi som eige kompetanseområde. I dette utvalet har Hilde Vindenes og Malte Hübner sagt seg viljuge til å delta som representantar for NDS.

Styret takkar medlemene som stiller opp på vegne av NDS.

Statusrapport for saker styret har arbeidd spesielt med

Forsking og nettverksbygging

Forskningsseminaret på Gardermoen er det største løftet for NDS med tanke på støtte til forsking. Møtet samlar forskingsinteresserte frå heile landet. Vi vonar at dette skal bli ein arena for nettverksbygging slik at forskingsprosjekt kan gjerast nasjonale og ikkje berre lokale. Noreg har tynn busetnad, og for å få stort nok forskingsmateriale, må ofte fleire regionar samarbeide. NDS dekkjer alle utgifter til møtet. Sidan det ikkje lenger er mogeleg å søkje om ekstratilskot frå Legeforeningen, har styret i år vedteke å halde att kr. 20 000 av annonseinntektene for delvis finansiering av forskingsmøtet.

Kasseraren har forhandla fram nye avtalar med annonsørane på nettsida vår. Inntektene er kr. 120.000 per år. Styret har

vedteke at desse midlane skal gå direkte til forsking og kvalitetsutvikling. I år vart det lyst ut kr 100.000 til NDS sine medlemmer med søknadsfrist 28.02.11.

NDS har også fornya avtalane med Abbott (Humanprisen), Pfizer (publikasjonsprisen) og Galderma (YDF-prisen). Styret vonar at prisane kan vere ei oppmuntring for prisvinnarane og kan vere med på å stimulere både dei og andre til vidare forskings- og kvalitetsarbeid.

Register for biologisk behandling

Dette arbeidet har styret delegert til Kvalitetsutvalet. Arbeidet er godt i gang. NDS har peika ut medlemmer til ei prosjektgruppe som skal utarbeide eit forslag til basisregister for bruk av biologiske legemiddel. Desse er: Tore Morken, Helse Vest og NDS. Bjørn Kvammen, Helse Nord. Kjetil Guldbakke, Helse Midt. Silje Michelsen Solberg, Helse Vest og Teresa Løvold Berents, Helse Sør-Øst.

Komorbiditet og livsstil

Temaet har vore drøfta på møtet med pasientorganisasjonane, styret har utanom dette ikkje gjort eigne utspel.

Samhandlingsreforma

Tema for møtet med avdelingsleiarane i 2009. Styret har ikkje arbeidd spesielt med dette siste året sidan reforma framleis ikkje er utforma i detalj.

Styrking av allergologien

På landsstyremøtet i Legeforeningen i 2009 vart det vedteke å opprette allergologi som eige kompetanseområde. Arbeidet med formalisering av fagområdet er godt i gang regi av NFAI og Legeforeningen sentralt. NDS har utnemnd deltakarar i arbeidsutvalet.

Haustmøtet

Styret i NDS hadde eit godt samarbeid med kongressbyrået Congress Conference AS. Møtelokalet Ullevål Business Class var svært godt eigna til arrangementet. Det var god plass til utstillarane, og kurslokalet fungerte fint. Det faglege programmet var variert og spanande og fekk gode evalueringar av deltakarane.

Generalforsamlinga i 2010 godkjende at vi skulle legge oss på eigendel på kr 1500 for deltakarane. Beløpet kan virke litt høgt for dei som bur i nærmiljøet og ikkje overnattar på hotellet, men eigendelen er eigentleg berre kursavgifta som er vanleg å betale på alle kurs. Resten blir dekkja av sponsorinntektene. Sjølv om vi hadde like mange sponsorar som året før, var utgiftene høgare. Vi sat att med eit overskot på litt over kr. 13 000 som blir overført til haustmøtet i 2011.

Neste haustmøte blir arrangert på Thon Hotel Ullevål stadion 17. og 18. november 2011. Tema for kurset blir slimhinnesjukdomar, "black skin" og tropedermatologi.

TURID THUNE

Leiar

Norsk dermatologisk selskap

Nytt foreningsnavn og styrket tilknytning til EADV

Til generalforsamlingen 1.4.2011 hadde styret foreslått at foreningen skifter navn fra Norsk dermatologisk selskap til

Norsk forening for dermatologi og venerologi

Begrunnelsen var å tydeliggjøre venerologiens plass og å få navnet i samsvar med foreningsnavn i bl.a. Sverige og EADV. Det var dessuten ønskelig å skifte ut betegnelsen "selskap" med "forening", som benyttes av de aller fleste andre fagmedisinske foreninger i Legeforeningen.

Etter noe diskusjon ble styrets forslag vedtatt med stort flertall.

NDS har hatt kollektivt medlemskap i European Academy of Dermatology and Venereology fra 2009. Dette medfører ingen eller liten innflytelse i organisasjonens styrende organer.

Etter noe diskusjon vedtok generalforsamlinga å avvike det kollektive medlemskapet i EADV og å oppfordre medlemmene til å bli individuelle medlemmer i EADV. Det ble dessuten vedtatt at alle faste styremedlemmer i NDS skal søke om individuelt medlemskap i EADV, og at medlemskontingenten for styreperioden betales av foreningen.

Turid Thune gjenvalgt som leder i NDS

Norsk dermatologisk selskap avholdt sitt årsmøte i Trondheim 31.3.-2.4.2011. På generalforsamlingen ble det foretatt følgende valg, alle i samsvar med innstillingen fra valgkomiteen:

Styre

Turid Thune (leder), gjenvalg
Guttorm Guleng
Petter Gjersvik (ny)
Malte Hübner (ny)
Xiaotong Li (ny)
1. vara: Marit Saunes (ny)
2. vara: Dagfinn Moseng (ny)

Kvalitetsutvalg

Ellen Slevolden (ny)
Silje Solberg
Ragnar Faye

Kurskomite

Susanne Kroon
Ingrid Snekvik
Gro Mørk
Lisbeth Rustad
Rosemarie Braun

Takstutvalg for off. poliklinikker

Joar Austad (leder)
Dagfinn Moseng
Leiv Ivar Hanssen (ny)

IT-utvalg

Flora Balieva

Forskningsutvalg

Ingeborg Bachmann
Per Helsing
Brita Pukstad
Petter Gjersvik

UEMS

Kristin Ryggen
Lisbeth Rustad (ny)

ILD

Turid Thune
Petter Gjersvik